

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anette Tangen Fredriksen	TI - &00, FE - 419, FA - X60	17/1941

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
35/2017	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	21.09.2017

## Retningslinjer for å inkludere personar med utfordringar på arbeidsmarknaden ved gjennomføring av kontraktar

### Vedlegg:

Retningslinjer for å inkludere personar med utfordringar på arbeidsmarknaden ved gjennomføring av kontraktar i Meland kommune

Retningslinjer for å inkludere personar med utfordringar på arbeidsmarknaden ved gjennomføring av kontraktar i Meland kommune

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen kjem i møte for å besvare spørsmål knytta til saka.

### Vurdering

### Konklusjon

### Framlegg til vedtak:

Skriv framlegg her

## Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 35/2017

### RMF - behandling:

Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen orienterte om "Retningslinjer for å inkludere personar med utfordringar på arbeidsmarknaden ved gjennomføring av kontraktar".

Anne-Berit Kolås orienterte i møte om:

"Jusprofessor Halvard Haukeland Fredriksen ved UiB sa til Bergens tidende torsdag at ein ikkje kan

skreddarsy konkurransen for å sikra ei særskild bedrift kontrakten, men at det er høve til å stilla nærare krav i konkurransegrunnlaget så lenge det er grunna i eit ønske om å integrera nærare oppgitte grupper av funksjonshemma eller vanskelegstilte personar i arbeidslivet.

Kvam herad kunne til dømes ha kravd at tilbydarane skulle hatt ein høgare del arbeidstakarar på særlege vilkår, og at det skulle vera såkalla VTA-arbeidsplassar (varig tilrettelagt arbeid), noko Hardanger AKS har mange av, ifølgje professoren."

RMF meiner at framlegg til vedtak punkt 2 bør endrast til følgjande:

"Dersom kontrakten ikkje eignar seg som ein reservert kontrakt, skal det gjerast ei vurdering av om kontrakten eignar seg om ein inkluderande kontrakt. Det skal vurderast korleis kravet om en viss bruk av tilsette som har nedsett funksjonsevne/arbeidsevne, eller som av andre grunnar har spesielle utfordringar på arbeidsmarknaden, kan fungere mest mogleg føremålstenleg for det aktuelle innkjøpet. Det skal og vurderast om ein i nokre kontraktar skal krevje ein viss bruk av einskilde grupper tilsette, til dømes bruk av varig tilrettelagte arbeidsplassar (VTA). Konklusjonen skal grunngjevast, anten i innkjøpsprotokoll eller i eige notat."

**RMF - vedtak:**

"RMF meiner at framlegg til vedtak punkt 2 bør endrast til følgjande:

*Dersom kontrakten ikkje eignar seg som ein reservert kontrakt, skal det gjerast ei vurdering av om kontrakten eignar seg om ein inkluderande kontrakt. Det skal vurderast korleis kravet om en viss bruk av tilsette som har nedsett funksjonsevne/arbeidsevne, eller som av andre grunnar har spesielle utfordringar på arbeidsmarknaden, kan fungere mest mogleg føremålstenleg for det aktuelle innkjøpet. Det skal og vurderast om ein i nokre kontraktar skal krevje ein viss bruk av einskilde grupper tilsette, til dømes bruk av varig tilrettelagte arbeidsplassar (VTA). Konklusjonen skal grunngjevast, anten i innkjøpsprotokoll eller i eige notat."*